

NOSP103 og NOSP103-L Nordisk: Moderne språk – Evaluering H 2017

Ivar Utne, 23.2.18

Undervisninga var felles for NOSP103 med 15 stp. (fullt emne) og NOSP103-L med 10 stp. (for lektorutdanninga). Det var litt mindre undervisning og mindre pensum for NOSP103-L.

Lærarar var: Gunnstein Akselberg, Per Sigmund Sævik Bøe og Gjert Kristoffersen
Emneansvarleg var: Ivar Utne, som hadde svært lite av undervisninga.

Kurset blei i gjennomført med fire timar førelesingar og fire timar øvingstimar kvar veke. Kvar gong var lagt opp med to timar førelesingar og to timar øvingar like etter førelesingane. Øvingstimane var éin time med gruppearbeid og éin time med oppsummering. Læraren frå førelesingane var normalt òg med i øvingstimane. I tillegg var det 5 gonger med nynorsk kurs, to timar kvar gong. For å få gå opp til eksamen var det krav om å få godkjent eit oppgavesvar på nynorsk med spørsmål gjevne frå pensum. Omfanget på svaret skal vere inntil 350 ord.

Resultat:

NOSP103, etter klagesensur								NOSP103-L, etter klagesensur							
Karakterfordeling								Karakterfordeling							
Antall studenter	A	B	C	D	E	F	Andre	Antall studenter	A	B	C	D	E	F	Andre
64	4	7	13	9	8	7	0	43	0	5	5	7	6	14	0
%	10	17	32	22	20			%	0	22	22	30	26		
%	8	15	27	19	17	15	0	%	0	14	14	19	16	38	0

NOSP103, etter klagesensur							
Karakterfordeling							
Antall	A	B	C	D	E	F	G (andre)
4	7	13	9	8	7	0	

Snitt for dei to største studentgruppene på NOSP103:

- BA i nordisk [14]: C
- Årsstudium i nordisk [33]: D

NOSP103-L, etter klagesensur							
Karakterfordeling							
Antall	A	B	C	D	E	F	G (andre)
0	5	5	7	6	14	0	

Snitt for studentar på lektorutdanninga i nordisk [41]: D

Fordeling av studentar på program og anna

Oppteljingar frå FS (Felles studentsystem) og svar i skjemaet. Dete viser fordeling på program og anna frå begge kjeldene:

	FS, % og tal	Svar i skjemaet, % og tal
BA i nordisk: 14	14 % og 14	23 % og 7
Lektorprogram i nordisk	43 % og 43	40 % og 12
Årsstudium i nordisk	33 % og 35	17 % og 5
Anna BA-studium	4 % og 4	3 % og 1
Anna lektorprogram	0 % og 0	7 % og 2
Utvexlingsstudent	1 % og 1	7 % og 2
Anna	5–7 % og 5–7	3 % og 1
SUM, tal på studentar	/102	/ 30

Så til svar på spørsmål.

Informasjon:

77 % er nøgde med informasjon

I kommentarane skriv 6 av 16 at informasjon om endring til digital eksamen kom seint.

Deltaking:

- på førelesingane: 80 % svarte at dei deltok på meir enn ca. 2/3, 20 % mellom 1/3 og 2/3

- på øvingstimane: ca. halvparten (47 %) svarte at dei deltok på meir enn 2/3

Utbytte av undervisning:

- førelesingane:

-- fleirvals svar:

- stort læringsutbytte: 73 %

-- opne svar:

- bra med pedagogisk dyktige og engasjerte lærarar

- dårleg med at det var noko vanskeleg stoff og for mykje pensum på kvar førelesing

- øvingstimane:

-- opne svar:

- bra bl.a. med oppsummeringstimane (siste time) og når det blir lagt ut løysingsframlegg

- dårleg at ein ikkje rekk gjennom alle oppgåvene i oppsummeringa, dels dårleg tid i gruppetimane

- sjølvstyrte kollokvium:

-- opne svar:

Nokre studentar hadde sjølvstyrte kollokvium, og for dei fleste fungerte det bra

Obligatorisk oppgåve:

-- fleirvals svar:

- lengde: 79 % svarte «passe» lang, 21 % «for kort»

-- opne svar:

- 1/3 (5 av 15) skreiv at 300/350 ord var for kort, og 2/3 (10 av 15, og som dels var dei same) ville ha fleire oppgåver i semesteret

Pensum:

- Innhaldet i språkhistorie og talemål blei omtalt som tungt av nokre få studentar

- Sosislingvistikkboka var lettare og fungerte bra, ifølgje nokre svar

- Tre lektorstudentar kommenterer at forskjellen i pensum for NOSP103 og NOSP103-L er liten, slik at det er mykje for deira 10 studiepoeng. Ein av dei legg til at dei som tek lektorutanninga i tillegg må ha myke stoff (ca. 400 sider) og eksamen i eit anna emne i tillegg.

Eksamen:

- innhald på eksamen:

fleire enn halvparten skriv at settet passa fint med pensum; og rundt halvparten (dels dei same) skreiv at det hadde vore for dårleg tid under eksamen, dvs. for store oppgåver

- digital eksamen:

-- fleirvals svar:

75 % [21 stud.] svarte at det fungerte bra, 21 % [6] både og, og 4 % [1] dårleg;

-- opne svar:

- halvparten (7 av 15) skreiv at dei ville ha oppgåvesettet på papir for å halde oversikt

- nokre få studentar skreiv (for ulike spørsmål) at dei ønskjer ordbok og/eller retteprogram

Kommentarar frå emneansvarleg:

Det dårlege **resultatet til eksamen**, og då særleg for lektorutdanninga, kjem mest til syne med at det svakaste var språkhistorie og meistring av nynorsk i svara. Begge delar trekte mange ned. Det beste var sosiolingvistik, og jamt over var det òg bra svar i talemål og fonologi. Dei dårlege resultatata i språkhistorie kan henge saman med kommentarar i undersøkinga om at læreboka var tung å lese. Her er meir detaljert om eksamensresultata, ut frå innspel frå dei tre faglærarane som delte eksamenssvara mellom seg:

- **Nynorsk** er dårleg nesten heile vegen. Og det har i praksis vippa ned for nokre 103-emna. Men det var uansett mykje D, E og F der. Truleg har mange av dei dårlege ikkje har gått på nynorsk kurs, ut frå feila.
- Det var fagleg **dårlegast** med jamvekt, kjedeforskyving og kasus (forklaring generelt og til eksempla), og dels bra og dels dårleg med fonologiske reglar i talemål. For dialektplassering veksla det òg mellom godt og dårleg.
- Det var **betre** med kvantitetsomlegging, fonem og allonar, syntaks i norrønt & moderne norsk, og med diglossi & kodeveksling. Labov-undersøkinga, som ikkje var pensum, svarte ganske mange bra på, men det ville neppe uansett ha noko å seie for karakterane fordi det var utanfor pensum.
- Mykje av pensumet for NOSP103 og NOSP103-L vert for **vanskeleg å lesa på eige hand**, og derfor må dei gå på førelesing for å kunna gjera det nokonlunde bra. Og dette gjeld om lag halvparten av studentane som går opp til eksamen.

Vi ser at blant **pensum** er Torp og Vikørs *Hovuddrag i norsk språkhistorie* og Sandøys *Talemål* tunge bøker for nokre få av studentane, mest den første.

Rundt halvparten uttrykkjer klart at dei ønskjer meir **oppgåveskriving**, og bl.a. at dei ser på den obligatoriske oppgåva som kort. Dette er òg kommentarar vi elles kjenner til frå studentane dette og tidlegare år.

Dataprogram for **oppgåvelevering og kommentering** i Mitt UiB fungerte dårleg blant anna hausten 2017. Ulempene er:

- At ein ikkje kan **kommentere direkte i tekst inne i systemet** utan å laste ned. I Kark, som var programmet tidlegare, kunne ein skrive utan å laste ned, noko som var mykje meir effektivt og gjorde det til eit godt læringsverktøy. Det er klart forverra i Mitt UiB.
- At programsystemet er lagt opp slik at ein skal **laste ned alle på ein gong** og laste tilbake alle samla dersom ein vil skrive kommentarar inn i tekstene. Det hindrar å kunne ta unna oppgåver før fristar og også dei som av ulike grunnar kjem etter fristen. Omfanget av oppgåver er så stort at vi bør få unna kvart oppgavesvar på eit kvarter (svar på 350 ord) heile tida, og då er det òg praktisk kunne ta unna noko allereie før fristen for dei som har levert i god tid. Dette løyste vi hausten 2017 med å ta ned litt etter litt. Derfor kunne vi ikkje laste samla tilbake. Kommenterte svar gjekk i staden i e-post til kvar enkelt. Alr sette var ei klar forverring frå Kark-systemet.
- Det har i fleire semester vore varsla overgang til eit **Office-basert system** for tekstkommentar. Dette var ikkje kome i drift hausten 2017, men skal vere på veg inne i vårsemesteret 2018, og vi kjenner førebels ikkje til korleis det vil fungere i praksis.

Modellen for kombinasjon av førelesing og **øvingstimar** like etter kvarandre får vi normalt gode tilbakemeldingar om i andre semester. Dei skriftlege kommentarane dette semesteret er litt meir varierte enn vil elles høyrer frå studentane. Det er først og fremst kritikk av korleis innhaldet passar

til undervisninga og at det kan bli for mykje stoff. Modellen ser ut til å bli oppfatta som positiv, men er lite kommentert i svara dette semesteret.

Informasjon om **digital eksamen** kom seint, truleg eit par veker før eksamen. Grunnen var at det opphavleg var plan om papir-eksamen. Dette blei lagt om av praktiske grunnar. Kritikken mot dette er rimeleg, ikkje minst fordi det trengst litt tid til at alle får organisert innlegging av program. Normalt fungerer dette bra for andre kurs.

Rundt halvparten uttrykte, som nemnt, ønskje om å få **oppgåvesettet til eksamen på papir**. Oppgåvesettet for NOSP103 var på 14 sider inkludert vedlegg, og det var 13 sider for NOSP103-L. For fleire av oppgåvene var det bruk for fleire av vedlegga på same tid, eller fleire av sidene. Dette er uansett for omfattande. Berre med få sider der ein må kombinere spørsmål og eitt eller fleire vedlegg vil det vere svært nyttig med papirutskrift.

Eksamensoppgåvene var for omfattande, slik mange melder. Det er òg inntrykket frå sensuren.

I tidlegare evalueringsrapportar for fleire emne har eg meldt behov for **tavle** til å skrive på ved sidan av duk for skjermvisning. Dette er viktig for å kunne drive effektiv og pedagogisk undervisning, dels i dialog med studentane. Dette manglar framleis i ganske mange undervisningsrom. Tavler har truleg forvunne fordi dei som styrer, har lite kjennskap til korleis undervisning foregår og bør foregå.

Framlegg til tiltak:

- Endre til enklare og kortare lærebøker i språkhistorie og talemål.
- Pensum i NOSP103-L bør bli kortare enn no, og då særleg i høve til NOSP103.
- System for innlevering av oppgavesvar der ein enkelt og raskt, og dermed effektivt, kan kommentere i tekst.
- Papirutskrift av oppgavesett under digital eksamen, særleg når det er vedlegg eller på anna vis mange sider å halde oversyn over på same tid.
- Vere kritisk til omfang av vedlegg i eksamenssett.
- Tavle til å skrive på ved sidan av duk for skjermvisning.